



Anny Bastesen

Referanser:
Dykkar:
Vår: 15/1419 - 16/6895

Saksbehandlar:
Anne-Lise Næs Olsen
anne.lise.olsen@meland.kommune.no

12.04.2016

Møtereferat - Flytting av Blom Fiskeoppdrett frå Laksevika til Trollholet

Det vart 7.4.2016 halde møte på vårt kontor for å drøfte flytting av Blom fiskeoppdrett AS frå Laksevika til Trollholet. Dette m.a. på grunn av mange merknadar i saka.

Desse møtte:

| | |
|-------------------------|---|
| Blom Fiskeoppdrett AS: | Øyvind Blom |
| Akvator AS: | Sarah Fagertun Eggereide |
| Garmann, Mitchell & Co: | Advokat Henrik Garmann |
| Meland kommune: | Øyvind Helland Oddekav, Ordfører Anny Bastesen, Teknisk sjef Anne-Lise Næs Olsen, Fagansvarleg Plan |

Innleiing av søkjar:

Øyvind Blom orienterte om saksgangen og prosessen som hadde vore før og undervegs i dispensasjonssaka. Eksisterande akvakulturanlegg ved Laksevika er i dag i konflikt med militær sikringssone. Anlegget treng snarleg oppgradering i samsvar med regelverket, og søkjar ynskjer å auke kapasiteten. Endring eller utviding utover eksisterande arealbruk kan i utgangspunktet ikkje vurderast der anlegget ligg i dag, og flytting av anlegget har som primærmål å få løyst interessekonflikten med Forsvaret.

Dei orienterte om 2 ulike framgangsmåtar:

1. Vurdere å utfordre Forsvaret på nytt for om mogeleg å kunne oppgradere og utvide anlegget i Laksevika slik det ligg i dag. Området vart her bandlagt av Forsvaret frå og med 1.1.2011.
2. Flytte anlegget til Trollholet, og oppgradere og utvide anlegget der.

Drøfting:

Postadresse

postmottak@meland.kommune.no
Postboks 79, 5906 Frekhaug
Besøksadr: Havnevegen 41 A
5918 Frekhaug

Kontakt

www.meland.kommune.no
Telefon +47 56 17 10 00
Telefaks +47 56 17 10 01

Konto 1503 18 83722
Org.nr. 951 549 770

Kartinfo: www.nordhordlandskart.no

Me drøfta korleis ein bør møte alle merknadane i saka, kva som er relevant å få til, og korleis ein best skal nå målet om å få flytte anlegget.

Administrasjonen meinte det burde vurderast å avgrense søknaden til dispensasjon frå kommuneplanen for det arealet som er nødvendig for å oppgradere anlegget i samsvar med regelverket, slik at anlegget vert meir rømingssikkert, får ei betre gjennomstrøyming av vatn i nøtene, betre plass til fisken, betre fleksibilitet under drifta, og betre miljøtilhøve under anlegget. Administrasjonen minna om at eventuelt endra storleik på nødvendig areal ut frå denne teknisk grunngevinga, lyt oppgjevast.

Søklar ville vurdere ei slik løysing og kome attende til kommunen ang. dette i sin uttale til merknadane i saka, og når dei har fått gjort sine endelege drøftingar.

Dei bad i møtet om utsett frist for sin uttale til merknadane, og ny uttalefrist vart sett til 6. mai.

Søklar orienterte elles om at dei har utarbeidd ein ny og miljøvenleg metode for avlusing, der dei nyttar lunka vatn. Dei orienterte også om at tema kring lukt og støy i stor grad kan løysast.

Me drøfta til slutt temaet kring tett tank og nullutslepp. Søklar meinte at dette ikkje var ei aktuell løysing for dei.

Oppsummering:

Søklar gjer sine vurderingar i samsvar med drøftingane ovanfor, og kjem attende til kommunen ang. dette i sin uttale til merknadane i saka. **Ny uttalefrist er sett til 6. mai.**

Med helsing

Anne-Lise Næs Olsen
Fagansvarleg Plan

Dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Kopi til:

Blom Fiskeoppdrett AS
Kristin Nåmdal

Mottakere:

Advokat Henrik Garmann

Akvator AS

Anny Bastesen

Blom Fiskeoppdrett AS

Øyvind Oddekalv